



## Statens vegvesen

ARKOCONSULT AS  
Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/264113-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.01.2022

### Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid – Solbakken, del av gnr. 173 bnr. 3 m.fl. – Alver kommune – PlanID: 46312021006

Vi viser til mottatt varsel om oppstart av planarbeid – detaljregulering for Solbakken, del av gnr. 173 bnr. 3 m.fl. i Alver kommune. Frist for uttale er sett til 19.01.2022.

#### Saka gjeld

Planområdet er på om lag 18,6 daa og ligg på Seim. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fortetting i eit eksisterande bustadområde. Tiltakshavar ynskjer å opprette ein ny grunneigedom på eigedomen gnr. 173 bnr. 3, på eit areal som i dag er regulert til leikeplass. Planen skal opne for etablering av enten ein einebustad eller ein tomannsbustad på den aktuelle tomte. I tillegg skal det etablerast ein ny, felles leikeplass for bustadane i området.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har og ansvar for at føringar i nasjonal Transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Konkrete innspel til dette planarbeidet

Avstanden frå planområdet til Seim barneskule er ca. 1 kilometer. Av referatet frå oppstartsmøte går det frem at fylkesveg 5472 er rekna som farleg skuleveg. Vi legg til grunn at borna difor har krav på skuleskyss. Det ordinære busstilbodet som er alternativet utanom skuletida er heller dårleg og ein må pårekna at privatbil i stor grad vert nytta. Statens vegvesen vurderer framlegget til ny utbygging som bilbasert.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



**Figur 1** FV5472 S1D1 M182 F1

Ny utbygging på gnr. 173 bnr. 3 råkar fleire tilhøve, mellom anna ein regulert leikeplass. Vi antar at det er dette samla sett som utløyser krav om reguleringsplan. Sjølve tiltaket planen skal leggje til rette for (ein eller to bustadeiningar) er likevel så lite at dei fleste krav om å utbetre trafikale tilhøve i samband med reguleringsplanen vil verte å sjå på som urimeleg tyngjande.

I oppstartsmøte er det synleggjort at tiltakshavar må pårekna å få krav regulering av fortau langs det farlege strekket, regulering av kryss m.m., utan krav om opparbeiding. Dersom ein skal leggje til rette for fortau langs dette strekket må ein gå tungt inn i fjellskjeringane. Eit tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar vil såleis verte både dyrt og omfattande. Etter det Statens vegvesen kjenner til har Vestland fylkeskommune pr. i dag ikkje nokon konkrete planar om utbetringstiltak her.

Statens vegvesen meiner framlegget til ny utbygging på gnr. 173 bnr. 3 må vurderast i høve til om det er realistisk å sjå føre seg at utbygginga kan bidra til noko, eller om auken i talet på bueiningar berre vil bidra til å gjere trafikksituasjonen verre på staden. Vi legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til framtidige planar, trafikksikkerheit og framkomst på fylkesveg 5472 skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.

### **Generelle krav til planarbeid**

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafiksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikk mønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafiksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens [handbok V744](#).

### **Vidare planprosess/medverknad**

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER